

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 18/6182-1

Fv. 60 Storelva bru i Utvik - val av løysing

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Ny Storelva bru i Utvik vert bygd ihht til vedlagde forprosjekt, utan fortau. Prosjektet vert gjennomført som eit større vedlikehaldsprosjekt.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å fastsette endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan, då basert på vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert finansiert ved tildelte skjønnsmidlar frå KMD (til oppattbygginga), samt ved uttak frå fylkeskommunen sitt eige skadefond for uføresette hendingar på fylkesveg. Den endelege fordelinga mellom desse to postane vil avhenge av tiltaket sin endelege kostnad.

Vedlegg:

Forprosjekt fv. 60 Storelva bru i Utvik i Stryn kommune

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Flaumen i Utvik 24. juli 2017 gjorde stor skade i bygda. Mellom anna vart Storelva bru borte. Brua vart erstatta med mellombels bru som var på plass kort tid etter flaumen.


Det er utarbeidd forprosjekt for ny bru, både med og utan fortau. Det må takast stilling til om vi skal byggje brua med eller utan fortau.

NTP har som mål å gjere sykling meir attraktivt. Dette er følgt opp i gå-/sykkelstrategien vår som vart utforma i samband med siste RTP. Den aktuelle strekninga i Utvik er ikkje omtalt i denne strategien, der ein meir generelt held fram at å legge til rette for syklande/gåande vil gjere opplevinga av å velje sykkel/gange tryggare. I Utvik er det ein kommunal reguleringsplan (1996) som gjeld f.o.m. kyrkjegarden og vestover. Brua over Storelva fell såleis utanom denne. I arealdelen i kommuneplanen er det ikkje avsett areal til utviding av eksisterande veg.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I høve forprosjektet er det utarbeidd anslag for ny bru med og utan fortau. Nøyaktigheita på anslag i denne planfasen er +/- 40%. Kostnaden omfattar ny bru med tilstøytande veg. Krav frå NVE gjer at brua må hevast i høve tidlegare bru. Det vert arbeiddd for å redusere byggehøgda og dermed kostnaden med prosjektet. Oppgjeven kostnad i denne saka er difor førebels.



Kostnadsoverslag *med* fortau er 54,41 mill. kr, medan kostnadsoverslag *utan* fortau er 48,39 mill. kr. Kostandene er inkl. mva og byggherrekostnader. Dersom brua vert bygd med fortau er dette å sjå på som ei oppgradering (standard) som må finansierast over investeringsbudsjettet.

For vedlikehaldsprosjekt vert byggherrekostnadene dekkja av Statens vegvesen gjennom «sams vegadministrasjon». Dersom det vert lagt opp til oppgradering av brua, jf. avsnittet over, må byggherrekostnaden dekkjast av prosjektkostnaden, dvs. av fylkeskommunen.

Skilnaden mellom dei ulike alternativa, med og utan fortau (og med og utan byggherrekostnader), vil – slik eg ser det – kunne bli vesentlege. Fylkesrådmannen viser her til tilrådinga til vedtak. Etter mitt syn vil det aktuelle tiltaket, slik det er tilrådd i denne saka, vere eit vedlikehaldsprosjekt der målet er å reetablere den tilstanden som har vore, likevel med omsyn til endra krav. Følgjande må likevel nemnast:

Finansiering

I brev 25.09.17 søkte vi KMD om økonomisk støtte til finansiering av utgiftene knytt til flaumen i Utvik. Søknadssummen var 54,85 mill. kr (ekskl. mva og byggherrekostnader). I brev frå KMD 19.10.17 fekk vi tilsegn om å få dekkja halvparten av den berekna kostnaden. I søknaden var kostnaden med å reetablere brua vurdert til å vera lågare enn det som kjem fram no. Det vart brukt 35 mill. kr i 2017 til utbetring av skader som følgje av flaumen. Det meste er no ferdig, bortsett frå å bygge opp att Storelva bru. Hovudtyngda av kostnaden med dette vil koma i 2019. Fylkesrådmannen meiner KMD-tilskotet må aukast dersom totalkostanden med oppattbygginga av vegar og bruer etter flaumen vert dyrare enn tidlegare føresett. Dette vil eg koma attende til når vi får meir sikre kostnadsoverslag.

Konsekvensar for trafikktryggleik

Fv. 60 gjennom Utvik sentrum er svært trafikkert, spesielt i sommarhalvåret. Det opplevast som utrygt å gå eller sykle langs strekninga sjølv om avstandane er små. Med fortau vil ein binde saman sentrum med omland i aust på ein trygg måte. Dette føreset at det er gangveg/fortau på tilstøytande strekning på begge sider av brua. Etablering av gangveg over brua kan medføre

krav om bygging av gang- og sykkelveg på begge sider av brua. Det ligg ikkje føre planar om dette frå fylkeskommunen si side.

Andre konsekvensar

Framtidig E39 skal gå i tunnel gjennom Utvikfjellet. Reisetida både nordover og sørover vil då verte vesentleg kortare. Utvik har då potensiale for å bli ein attraktiv stad å bu. Utvik sentrum er i dag eit lite og kompakt sentrum med både butikk og kyrkje. Storelva bru er knytt til sentrum og bind saman sentrum med omliggande område som består av bustader, landbrukseigedom og utleiehytter/hus.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen vil tilrå å bygge ny bru over Storelva utan fortau. Ei løysing med fortau kan medføre krav om bygging av gang- og sykkelveg på begge sider av brua. Dette er ikkje prioritert i RTP eller i investeringsprogrammet. Fylkesrådmannen er klar over at fv. 60 gjennom Utvik er svært trafikkert, spesielt i sommarhalvåret, og at det kan opplevast som utrygt å gå eller sykle langs strekninga, men gangveg over brua utan gang- og sykkelveg på tilstøytande veg løyser ikkje denne utfordringa.

I det vidare planleggingsarbeidet vil Statens vegvesen bli oppmoda om å finne løysingar for å redusere kostnaden for brua.